

Send oss 17.mai-bilete.

15.05.2017



Sakarias kosa seg på 17.mai i fjor.

Uskedalen.no har dei siste åra sett saman biletseriar frå feiringa av nasjonaldagen. Dette håpar vi å få til i år også, og derfor oppfordrar vi alle til å senda oss kjekke bilete frå det som skjer i løpet av dagen. Desse seriane er godt stoff allereie no, og så er det fine med dei at dei vert kjekkare og meir verdfulle etter som åra går.

Vi håpar så mange som mogeleg hjelper oss og sender inn bilete til uskedalen.no@gmail.com. Resultatet vert best dersom langsida på bilete er nede(horizonta). Hugs å skriva kven som er fotograf, og så er det kjekt med namn på dei som er på biletet dersom det er nokre få personar.

Lukke til med fotograferinga, og så håpar vi på god respons slik at det vert ein flott biletserie.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå biletserien 2016: Øystein Koløy